

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/3018-5

## **Lærdal og Vik kommunar - kommunal planstrategi 2016 - 2020**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet støttar vurderingane av utfordringar som er gjort i dei kommunale planstrategiane for Lærdal og Vik kommunar.
2. Regional planstrategi bør likevel leggst sterkare til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for prioritering av planarbeidet i planperioden.
3. Kommunane bør også i større grad drøfte kva det skal innebere å vere ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.

#### Vedlegg:

- Lærdal kommune – utkast til kommunal planstrategi 2016 – 2020.
- Vik kommune – utkast til kommunal planstrategi 2016 – 2019.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Lærdal og Vik kommunar har sine kommunale planstrategiar ute til høyring. Vi har valt å handsame begge strategiane i ei sak.

Fylkesrådmannen støttar i stor grad dei vurderingane og prioriteringane som er gjort.

Regional planstrategi (RPS) bør i sterkare grad leggst til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for prioritering av planarbeidet i planperioden.

Kommunane drøftar i liten grad kommunen som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion, eller mogelegheit for interkommunal samarbeid og interkommunale planar. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantypar.

Lærdal sin strategi skil seg noko ut då dei parallelt arbeider med samfunnsdelen til kommuneplanen. Det gjer at dei ikkje går grundig inn på statistikk og analysar i strategien, då dei gjennom arbeidet med samfunnsdelen er godt kjende med behov og problemstillingar. I tillegg har dei relativt nyleg (desember 2015) vedtatt ny versjon av Utviklingsplan for omstilling i Lærdal kommune. Dei har ei god og grundig drøfting av ulike planar og behov for rullering eller revisjon.

Vik kommune har ein meir tradisjonelt oppbygd strategi som inkluderer status og utfordringar gjennom presentasjon og diskusjon av statistikk knytt til folketals-utvikling. Også dei avsluttar strategien med ein god og grundig gjennomgang av eksisterande planar med diskusjon av planbehov og oppsett av planarbeid i perioden.

## **2. Bakgrunn for saka**

Plan- og bygningslova § 10 - 1 set krav til kommunane om å utarbeide kommunal planstrategi (KPS). Strategien skal vere kommunen si rettesnor for kommuneplanarbeidet i komande 4-årsperiode. Etter lova skal strategien vere vedteken seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre. Strategien bør gje ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, m.a. arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden.

I lov om folkehelse er det fastsett at ei oversikt over folkehelsestilstanden i befolkninga skal inngå som eit grunnlag for arbeidet med kommunal planstrategi og at ei drøfting av folkehelseutfordringane bør inngå i strategien. PBL § 10 - 1 set krav om offentleggjering av planstrategi minst 30 dagar før handsaming i kommunestyret. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok regional planstrategi 2016 - 2020 (RPS) 14.06.16. Under arbeidet vart det gjennomført prosessar med kommunane for å forankre arbeidet, og legge til rette for kopling mellom RPS og dei kommunale strategiane.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### **GENERELT FOR BEGGE KOMMUNANE**

Gjennom regional planstrategi (RPS), har vi sett opp følgjande prioriteringar i perioden:

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
<b>Nye planar</b>					
Strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
<b>Revidering/rullering</b>					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Regional plan for klima og miljø					
Regional plan for folkehelse					

RPS fastsette også at «Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling» skal utarbeidast. Dette arbeidet er starta opp og vil involvere regionråda og kommunane på same måte som planarbeida ovanfor.

Eit fleirtal av desse planane vil vere relevante for kommunane. Det kan vere tenleg å vurdere om det vil vere rett å tilpasse eige planarbeid i tid med tilsvarande plan på regionalt nivå - før ein vedtek eigen strategi.

Vi har tilbode kommunane å lage eit notat på kommunenivå med relevant statistikk og analyse. Tema er demografi, flytting, innvandring, kvinner som flyttar og arbeidsplassar. I desse notata omtalar vi situasjonen slik den er i dag, utviklingstrekk

og utfordringar fylket står ovanfor. Vi legg vekt på å få fram kva samfunn det er sannsynleg at vi får med framskrivingar, analyse og oppsummering av mogelege strategiar ut frå utfordringane. Både Lærdal og Vik har fått eit slikt notat.

Vedteken RPS er nemnd i begge utkasta, men ikkje drøfta. Kommunane var involverte i dette arbeidet. Vi har ei forventning om at mål og overordna utfordringar i RPS vert teke med som grunnlag for arbeidet med kommunal planstrategi og vidare planlegging. Mykje av meininga med ein RPS er at fylkeskommunen og kommunane i fylket skal ha eit felles oppfatning av hovudutfordringane i fylket og kommune. Kommunane vil i større eller mindre grad ha dei same utfordringane som er sett opp i RPS, det er i stor grad globale og regionale trendar/utviklingsmønster som kommunane og lokalmiljø må halde seg til.

Både kommunane har planar om rullering av plan for klima og energi/energi og miljø. Vik i 2017 og Lærdal i 2018. FN sitt klimapanel har teke til orde for eit taktskifte i klimaarbeidet, frå «tilpassing» til «omstilling». Med Paris-avtalen vart premissane for klima- og miljøarbeidet endra, og ambisjonsnivået heva for norsk klimapolitikk. Det er difor behov for nye og oppdaterte klimaplanar i kommunane, i tillegg til at temaet er sentralt i samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplan.

Kommunale klimaplanar bør innehalde oppdaterte mål og strategiar som bidreg til at Noreg når dei innmeldte utsleppskutta, og som betre rustar kommunane til eit endra klima. Noreg forplikta seg til ein reduksjon av klimagassutsleppa på 40% innan 2030 samanlikna med 1990. Kommunane og fylkeskommunane kan gjennom endring i si verksemd vere ein viktig bidragsytar for å nå måla, på ulike samfunnsområde (kollektivtrafikk, landbruk, transport). Men for å få det til må ein ha ei bevisst haldning og ein strategi for reduksjon av klimagassutslepp og klimaomstilling.

Begge kommunane har sett opp at dei skal rullere trafikktryggingssplanen i 2017. Arbeidet med regional transportplan er i gang, og planprogram vart vedteke i juni 2016. Det betyr at kommunane iallfall delvis kan få til ei parallellføring mellom sitt arbeid og arbeidet med den regionale planen. Som alle regionale planar er ein viktig del av planarbeidet innspel frå kommunane om sentrale behov.

Vi ønskjer og at planstrategiane til kommunane seier noko om kva forventningar ein har til den regionale planlegginga; kva de ønskjer vi skal vere med på å leggje til rette for.

## **LÆRDAL KOMMUNE**

I strategiutkastet står det om regional planstrategi og fylkesdelplanar at «... Det er viktig at desse planane vert gjennomgått i samfunnsdelen, for å innarbeide mål og strategiar som kan vere relevante for Lærdal kommune, og for at me «dreg i same retning» som resten av fylket.» Når no Lærdal har samfunnsdelen under arbeid har vi ikkje kommentar til at dei ikkje i større grad drøftar RPS i sin eigen strategi, så lenge det i samfunnsdelen vert gjort ei vurdering av mål og strategiar frå RPS og fylkesdelplanar som er relevante for kommunen.

Lærdal kommune nemner ikkje korleis frivillig sektor skal bidra med å løyse oppgåver og utfordringar. Vi ønskjer at samfunnsdelen som er under arbeid skal vere tydeleg på frivillig sektor som eit meir uttalt «middel» for å nå fleire av måla til kommunen.

Kommunereforma og interkommunalt arbeid er ikkje nemnt og det er sagt lite om det å vere del av ein større region. Det står lite i planstrategien om utfordringar og

moglegheiter i det å vere ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Samfunnsdelen, arealdelen og andre kommune- og sektorplanar vil måtte forhalde seg til dette, og planstrategien burde drøfte kva det betyr for Lærdal å vere ein del av ein region, og kva konsekvensar det har for vidare planarbeid.

Folkehelse ligg i alt vi gjer, og skal folkehelsearbeidet lukkast må det implementerast i alle fagområde. Måla innan folkehelse bør vere ein grunnleggande føresetnad for alt planarbeid. Lærdal kommune har folkehelse som eit av tre behov som skal trekkjast inn i mange av planarbeida. Vi tykkjer dette er ei god tilnærming som speglar folkehelsearbeidet sin «natur» som eit tema på tvers av sektorane.

### Kultur

Fylkesrådmannen ser positivt på at kommunen vil utarbeide kulturminneplan. Dette er i tråd med det nasjonale Kunnskapsløftet på kulturminneområdet og fylkeskommunen si satsing på lokale kulturminneplanar. Målet med satsinga er å styrke kvar einskild kommune til å bli meir operative på kulturminnefeltet. Det er ønskjeleg kulturminna kan bli ein ressurs i den lokale samfunnsutviklinga. Både som kjelde til kunnskap og oppleving, og som grunnlag for verdiskaping og utvikling av lokal identitet. Kulturminne-planen vil også kunne nyttast som eit styringsverktøy i høve arealplanlegging og tilskotshandsaming.

Fylkesrådmannen ser også positivt på at kulturminnevern er eit tema kommunen vil rette særleg merksemd mot i arbeidet med samfunnsdelen, og at det ved rullering av areal-delen skal gjerast vurderingar som ivaretek kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. På denne måten vil kommunen kunne ivareta kulturarvperspektivet som ein viktig element i samfunnsplanlegginga.

I regional planstrategi er det prioritert å starte opp arbeidet med regional plan for kultur i 2017.

Vi viser til diskusjonen over i generell del om plan for energi og miljø. Med bakgrunn i at kommunane har ei sentral rolle i å redusere klimagassutsleppa vil vi oppmode Lærdal om å prioritere energi- og miljøplan tidlegare i perioden enn 2018. Om ein heller har behov for å prioritere samfunns- eller arealdel kan det vere eit alternativ å ta klima og miljø inn som ein del av dette planarbeidet.

### **VIK KOMMUNE**

Regional planstrategi er i utkastet berre nemnd som ei overordna føring. Samhengane mellom hovudutfordringar i regional planstrategi og dei utfordringane som kommunen har er ikkje drøfta. Vi ønskjer at strategien i større grad søker å sjå RPS og planbehovet i Vik i samheng. Ut frå kap. «4 Status og utfordringar», og diskusjonar elles i utkastet, ser vi at fleire av hovudutfordringane i RPS også er sentrale for Vik kommune.

Det står lite i planstrategien om utfordringar og moglegheiter i det å vere ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Kommunestyret vedtok i 2016 at Vik vil halde fram som eigen kommune. De skriv at kommunereforma kan gje vesentleg endra føresetnader for overordna planar. Det er i liten grad drøfta kva dette har å seie for kommunen.

Vi ser det som positivt at kommunen har prioritert å utarbeide bustadpolitisk handlingsplan. Arbeidet med regional planstrategi har vist at differensiering av type bustader er viktig for attraktivitet, og Sogn regionråd og kommunane jobbar no med «Bustadstrategi for Sogn». Mange undersøkingar viser at dei viktigaste faktorane for tilflytting er tilgang på arbeidsplassar og bustadar. Det er positivt at kommunen set fokus på fleksibilitet i val av modellar for tomteutvikling slik at denne kan skje enten i kommunal eller privat regi. Det er også viktig at ein får ei differensiering i type bustader, tilpassa alle aldersgrupper og fasar i livet. Målområde bustad må difor vere meir enn fleire bustader, men og variasjon i typar bustader.

Folkehelse er i liten grad nemnt i utkastet, utanom at det i samandraget står at folkehelse skal vera eit viktig omsyn i alle planar. Vi går og ut frå at folkehelse vil vere eit tema i kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Vi kunne likevel tenkt oss at strategien diskuterer og tek inn i seg at folkehelse er eit tverrsektorielt tema som bør vere med i mange ulike planar, både overordna og meir konkrete.

#### Kultur

Det er eit overordna mål for fylkeskommunen at kommunane, gjennom å utarbeide kulturminneplanar, bidreg til at kulturminna i fylket vert nytta som ein viktig ressurs i lokalsamfunnutviklinga. Det er difor positivt at kommunen har prioritert dette arbeidet og at kulturminneplanen skal ferdigstillast i 2017.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen støttar i stor grad dei vurderingane og prioriteringane som er gjort i dei kommunale planstrategiane til Lærdal og Vik kommunar. Fellestrekk ved dei er ei drøfting av utviklingstrekk og utfordringar, og ei vurdering av planbehovet som munnar ut i ein prioriteringstabell for planarbeidet dei neste 4 åra.

Regional planstrategi bør i noko sterkare grad leggast til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for prioritering av planarbeidet i planperioden.

Kommunane drøftar i liten grad kommunen som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Det ligg løysingar i interkommunal samarbeid og interkommunale planar. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantypar. Det er i liten grad drøfta moglegheiter for slike plansamarbeid.

Saksutgreiinga følgjer som vedlegg ved oversending av uttalen til kommunen.